

By- og bygdelister

VIKTIGE INNSLAG. Forskarar ved Rokkansenteret i Bergen har funne ut at dei partipolitisk uavhengige by- og bygdelistene verkar mobiliserande på veljarane. I kommunar der det blir stilt by og bygdelister i tillegg til dei politiske partilistene, er valdeltakinga nærare 68 prosent, mens det i kommunar med berre politiske lister er ei valdeltaking på vel 59 prosent. Går ein nokre tiår tilbake, så var partipolitisk uavhengige bygdelister det vanlege, og det var berre nokre få parti som stilte lister. Den gongen var valdeltakinga høgast i kommunar med flest politiske lister, og det vart tolka som om temperaturen i valkampen var høgast der. Nå er situasjonen altså snudd, og i lokalpolitikken kan ein kanskje seie at konfliktnivået mellom lokalpartia i dei fleste kommunar er så lågt at det er dei partipolitisk uavhengige bygdelistene som skaper temperaturen med sine krav. Uansett så stiller by- og bygdelister ved dette valet i 182 av dei 431 kommunane. By- og bygdelistene stiller på landsbasis med heile 6500 kandidatar, og dette gjer desse listene jamstore med Senterpartiet, KrF og Venstre som politisk aktør. Problemet til listene er at dei i synspunkta sine spriker i alle retningar, og dei lar seg knapt organisere. Mange av desse listene er såkalla eisakslister, der listekandidatane er samde om ei sak, men elles står fritt. Andre lister har eit meir tradisjonelt program som femner vidt, som til dømes Tverrpolitisk liste i Ålesund og ikkje minst Sunnmørslista/Tverrpolitisk liste for Sunnmøre.

Tryggingssventilar. Desse by- og bygdelistene er demokratiske tryggingssventilar for saker som dei politiske partia har gløymt, eller for kommunar der politikarane har sovna frå veljarane sine. Tverrpolitisk liste for Sunnmøre og Sunnmørslista vart i si tid etablert fordi dei politiske partia heilt sidan fylkeskommunen vart oppretta i 1975, ikkje tok omsyn til at

Sunnmøre hadde fleire innbyggjarar enn Romsdal og Nordmøre til saman. Sunnmøre hadde systematisk underrepresentasjon i fylkestinget og i andre fylkeskommunale organ, og dette førte til at Sunnmøre tapte viktige avrøystingar der representantane delte seg etter fogderi. Dei to sunnmørslistene hadde suksess, og førte til at fylkestinget kom meir i samsvar med den geografiske fordelinga av veljarane. I 2003 gjekk Sunnmørslista tilbake, og sunnmørsfleirtalet i fylkestinget vart borte. Dei politiske partia tar framleis ikkje omsyn til at over halvparten av innbyggjarane bur på Sunnmøre, og slik dei politiske listene er sette opp, vil dei åleine ikkje gi den sunnmørsrepresentasjonen som er i samsvar med veljargrunnlaget.

Uglesett. By- og bygdelistene har alltid vore uglesett av representantar på dei politiske listene. Slike partipolitisk uavhengige lister blir sett på som framandelement i lokalpolitikken. Desse listene blir hengt ut for å vere opptekne av ei eller få saker, og at dei ikkje tar totalansvar. Røynslene frå dei mange listene er vel heller at dei engasjerer seg like breitt som dei politiske partia, men at dei har ei eller nokre få hjertesaker som dei er ekstra opptekne av. Heller ikkje det er ulikt dei politiske partia. Mange av dei som stiller på desse by- og bygdelistene, er slike som er vraka frå partilister, eller som av andre grunnar ikkje kjenner seg heime i dei rammene som partipolitikken legg på dei som stiller til val. Ofte stiller by- og bygdelistene med like stor politisk røynsl som dei politiske listene, men dei dør lettare enn politiske parti. Ein svak eller ein manglande organisasjon lokalt tar seg ikkje nok av nyrekrutteringa, og mange slike lister visnar på rot. Til gjengjeld dukkar nye opp når behovet er der. Det er ein vitaliserande del av demokratiet.